



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
27.03.2015
Dykkar dato
16.12.2014

Vår referanse
2014/8161 561
Dykkar referanse
13/153

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Motsegner og fråsegn til bygging av seks kraftverk i Voss og Vaksdal

Vurdering av samla belastning tilseier at det ikkje må opnast for ny kraftutbygging i fjellområda mellom Bergsdalen og Kvamskogen. Fylkesmannen vektlegg regionale friluftsverdiar og naturkvalitetar høgt i arealforvaltninga i desse fjellområda. Fylkesmannen fremjar motsegn mot bygging av Møyåni, Skarvåni og Oddmundsdalen kraftverk.

Moko kraftverk vil påverke bestanden av sjøaure i Dalevassdraget negativt. Fylkesmannen har motsegn til prosjektet slik det ligg føre.

Også Sædalen og Markåni kraftverk vil få negative verknader på landskap og natur. Eventuell utbygging må skje etter alternativ som gir minst moglege skjemmaende inngrep.

Høyringa omfattar ein pakke med seks småkraftverk i Vaksdal og Voss, frå Hodnaberg og Bergsdalen til Dale, sørsida av Bolstadfjorden og Sædalen i Herfindal. Fylkesmannen viser til parallell høyringa på bygging av Boge 3 rett sør for Herfindal og eigen uttale til denne saka.

Fleire av søknadene går inn i fjellområde som er omtala av Fylkesmannen i tidlegare høyringar, som overføringar til Torfinnsvatnet, overføring av Vossadalsvatnet til Samnanger, overføring av deler av Vaksdalsvassdraget til Samnanger, og pakke med saker som var på høyring i 2014, med kraftverk i Kvam, Samnanger og Fusa. Nær til planområdet ligg og seks saker langs Vossovassdraget, som var på høyring i 2012.

Også i tidlegare periodar har det vore omfattande kraftutbygging i området, spesielt i Bergsdalsvassdraget. Det er nødvendig å sjå alle utbyggingane i samanheng for å vurdere samla belastning.

Mange av sakene i pakka for Vaksdal og Voss ligg innafor delområde Samnanger-Vaksdal i fylkesdelplan for små vasskraft i Hordaland. Areal er verdsett som sårbart høg fjell, regionalt friluftsområde og fjordlandskap, og det ligg føre retningslinjer for vurdering av eventuelle utbyggingsprosjekt. Fjellområdet har fått *stor* verdi og *middels* verdi, friluftsliv *stor* og *middels* verdi, og Bolstadfjorden har *stor* og *middels* verdi.

Nedafør følgjer eit oversyn over nøkkeltal for utbyggingsprosjekta og Fylkesmannens tilrådingar og motsegner i pakke med kraftverk Vaksdal og Voss og Boge 3:

| Namn | Kommune | Produksjon GWh/år | INON tap km ² | Tilråding Motsegn | Grunnlag |
|---------------|---------|-------------------|--------------------------|-------------------|------------------|
| Møyåni | Voss | 17,0 | - | Motsegn | Samla belastning |
| Skarvagrovi | Vaksdal | 4,9 | 0,9 | Motsegn | Samla belastning |
| Oddmundsdalen | Vaksdal | 13,25 | 2,9 | Motsegn | Samla belastning |
| Moko | Vaksdal | 7,2 | 0,1 | Motsegn | Anadrom fisk |
| Markåni | Vaksdal | 9,6 | 0,96 | Fagleg tilråding | Landskap |
| Sædalen | Vaksdal | 10,2 | 1,5 | Fagleg tilråding | Landskap |
| Boge 3 | Vaksdal | 3,7 | - | Frarår | Samla belastning |

Omtale av dei ulike prosjekta

Møyåni kraftverk

Møyåni kjem frå Kvåldalstjørni i fjellområda mellom Torfinnsvatn og Hamlagrøvatnet i Voss, og renn ned i Hamlagrøvatnet, sør for Hodnaberget kraftstasjon. Elva si vassføring er 5-6 gonger høgare enn under naturlege tilhøve, grunna tidlegare overføringar til vassdraget. Dette omfattar Sangrøvatnet og Vetle Torfinnsvatn, som naturleg renn mot Hardangerfjorden.

Det er presentert utbygging i to alternativ. Alternativa vil avhenge av om konsesjonssøkt prosjekt om overføring frå Svartavatnet til Torfinnsvatnet vert realisert eller ikkje.

Det er planlagt inntak nedafør utløpet frå nedre Kvåldalstjørni med ein 4-5 m høg dam. Det skal byggjast permanent veg langs røyrkata i ei lengde på 1750 m. Terrenget er sidebratt, og det må til dels sprengjast ned. Det bratte terrenget gjer at vegen må gå i svingar i nedre og midtre del. I følgje søkjar vil vassføringa etter utbygginga bli om lag på nivå med opphavleg vassføring i Møyåni før overføringane vart gjennomført.

Det er ein del inngrep nær vassdraget. Ved utløpet i Hamlagrøvatnet er elveløpet i Møyåni retta ut og erosjonssikra. Det går veg langs Hamlagrøvatnet frå Hodnaberget kraftstasjon og ein skogsbilveg opp lia nord for elva.

Det er lagt til grunn minstevassføring og foreslått å byggje hekkeplassar for fossefall som avbøtande tiltak.

Søkjer sin vurdering av konsekvensar

Influensområdet har to landskapsrom, nedre langs Møyåni og øvre ved inntaket i

Kvålsdalstjørni. Tekniske inngrep vil vere synlege i begge landskapsrom, spesielt i øvre del. Fjellområdet vert nytta til friluftsliv heile året. Det går ein mykje brukt tursti lang elva, som er sommerløype til Kiellandbu.

Utbygger meiner at konsekvensar ved ei utbygging er *liten negativ* for dei fleste tema, mellom anna raudlistearter og akvatisk miljø, og *middels negativ* for friluftsliv og landskap. Søkjer viser til samla inngrep i området, og meiner samla belastning vil vere *middels-stor*.

Fylkesmannens vurdering

Hamlagrøvatnet er innfallspørt for turar i området rundt Bergsdalen, Kvamsfjella og Gråsida. Desse fjellområda vert nytta i samband med eit allsidig friluftsliv, knytt til både skigåing, sommarturar, børsanking, jakt, fiske og anna. Det går etablerte turløyper til fleire retningar, mellom anna til turlaghytter som Kiellandsbu, Torfinnsbu og Vending, inkluderte den historiske ruta frå Hodnaberg til Botnen i Fykkesundet. Området vert nytta av befolkninga i heile Bergens- og Vossaregionen, og har stor bruksverdi for ulike aldersgrupper. Dette gjeld til tross for tidlegare inngrep og utbyggingar. Fylkesmannen meiner at omsøkte utbygging vil bli svært synleg, og vil bli oppfatta som skjemmaende for brukarar av området.

Området er høgt verdsett i samband med landskap og sårbare høgfjellsområde i fylkesdelplan for småkraftverk i Hordaland. Ut frå samla belastning og området sin faktiske verdi i friluftsamheng meiner Fylkesmannen at det ikkje rom for fleire nye, større landskapsinngrep i dette området.

Vi viser til Fylkesmannens motsegn og frårådingar i andre utbyggingsprosjekt i dette fjellområdet som overføring av Svartavatn og Krokattjørna til Torfinnsvatnet, overføring av Vossadalsvatnet i Øystesevassdraget til Samnanger, Dukabotn kraftverk og Skarvagrovi og Oddmundsdalen kraftverk, sjå under.

Konklusjon

Søkjar undervurderar konsekvensane for landskap, opplevingsverdi og friluftsliv i eit fjellområde med svært høg regional verdi. Fylkesmannen meiner det ikkje er rom for fleire større reguleringar og landskapsinngrep i området, vurdert ut frå samla belastning. Dei negative verknadene av tiltaket er høgare enn fordelane, og det kan difor ikkje opnast for meir utbygging.

Fylkesmannen fremjar motsegn til utbygginga av Møyåni kraftverk.

Skarvagrovi kraftverk

Utbyggar har tidlegare søkt om konsesjonsfritak for tiltaket. Det vart avvist av NVE i 2011 på grunn av området sine verdier for landskap, opplevingsverdi og friluftsliv.

Kraftverket skal etter planen ha inntak i Skarvagrovi på kote 620 og nytte fallet på 96 m ned til Småbrekkevatnet. Det er planlagt ny veg parallelt med eksisterande veg frå brua ved Småbrekkevatnet og fram til kraftstasjonen. Kraftstasjonen på 70 m² skal ligge på kote 524. Nedgrave røyrgate og veg blir lagt langs nordsida av elva, men skal i følgje planen ikkje vere permanent.

Det er planlagt minstevassføring på 126 l/s sommar og 30 l/s vinter, som svarar til 5-persentilen. Søkjer vil ta i bruk eit stillegåande aggregat for å minimere støy frå anlegget.

Søker sin vurdering av konsekvensar

Området er mykje nytta i samband med friluftsliv langs elva. På sørsida av Skarvagrovi går ein militærveg som er T-merka. Den går til Moastøl, Høgabu og vidare mot Samnanger. Nede ved utløpet av Skarvagrovi i Småbrekkevatnet ligg ein villmarksleir som gjennom mange år har vore nytta i samband med undervisning for barn og unge.

Bygging av Skarvagrovi kraftverk vil føre til tap av INON på 250 dekar i sone 1 og 942 dekar i sone 2. Tiltaket vil redusere inngrepsfri natur i både sone 1 og 2.

Konflikt med landskap og INON og med friluftssinteresser er sett til *middels negativ*. Samla vurdering av konflikt for alle tema er sett til *lite negativ*.

Fylkesmannens vurdering

Utbygginga ligg innafor eit område med A-verdi for friluftsliv, og sårbart fjellområde, jf. fylkesdelplanen. Området har særlege verdiar i både lokal og regional samanheng. Planlagt utbygging er i strid med både kommuneplanen og fylkesdelplanen.

Det er gjennomført omfattande kraftutbygging i Bergsdalsvassdraget. Utbygginga vil føre til nye inngrep i eit av dei viktigaste større samanhengande naturområde i fylket, med store kvalitetar i samband med friluftsliv, opplevingsverdi, naturmangfold. Fjellområdet mellom Kvamskogen og Bergsdalen har verdi for befolkninga i heile Bergensregionen, og må etter vår oppfatning sikrast for komande generasjonar. Det må ikkje opnast opp for nye utbyggingsprosjekt, sjå også omtale under Møyåni kraftverk.

Utbygginga vil vere svært negativet for villmarksleiren for barn og unge ved Småbrekkevatnet, som gjennom mange år er utvikla til eit populært og viktig område for ulike aktivitetar knytt til leik og friluftsliv, som telting, fiske og turgåing med meir. Vassdraget har fine kvalitetar for friluftsliv. Fylkesmannen meiner utbygginga vil bli godt synleg frå området som nyttast i denne samanheng, også frå den gamle militærvegen som vert nytta som turveg frå Småbrekke og vidare inn i fjellet. Det ligg fleire turlagshytter ein kan nå med utgangspunkt i Småbrekke, som Gullhorgabu, Vending og Høgabu. Avbøtande tiltak vil ikkje minke den reelle konflikten med natur og opplevingsverdiar. Søklar undervurderer konfliktnivået tilknytt landskap og friluftsliv.

Konklusjon

Bygging av Skarvagrovi kraftverk vil redusere og fragmentere eit større samanhengande naturområde i regionen. Lokale og regionale verdiar knytt til landskap og friluftsliv bør ha prioritet framfor fleire utbyggingar i dette området. Utbygginga er i strid med gjeldande arealplanar. Positive verknader ved utbygginga er langt lågare enn dei negative verknadene.

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Skarvagrovi kraftverk.

Oddmundsdalen kraftverk

Bergsdalsvassdraget er tidlegare sterkt prega av utbygging, og Bergsvatnet har 10 m regulering. Det er planlagt to inntak i Oddmundsdalen kraftverk, ved Oddmundsdalsvatnet og Skarvavatnet. Området har i dag ingen tekniske inngrep. Ein vil nytte fallet på 250 m ned til

kraftstasjonen ved Bergsvatnet. Det blir nedgrave røyrgate på 2250 m, med 635 m overføring i borehol. Breidde på røyrkata vil vere 25-30 m.

Det går i dag ein traktorveg langs sørsida av Bergsvatnet fram til område for planlagt kraftstasjon. Det vert søkt om permanent veg frå kraftstasjon og opp til inntak i Oddmundsdalsvatnet. Vegstandard blir som landbruksveg klasse 7, og det vert sagt i søknaden at ein vil nytte vegen i samband med hogst i ettertid. Overskotsmasser er planlagt brukt i anlegget, spesielt til vegbygging. Arealbruk knytt til anlegget er samla 9 dekar, der vegar utgjer 8 dekar.

Som avbøtande tiltak er det foreslått minstevassføring om sommeren på 101 l/s frå inntaket i Oddmundsdalsvatnet og 31 l/s frå inntaket i Skarvavatnet. Om vinteren vil ein sleppe minstevassføring på 23 l/s frå Oddmundsdalsvatnet og 7 l/s frå Skarvavatnet.

Utbygginga er i følgje søkjar ikke aktuell utan overføringa frå Skarvavatnet.

Søkjer sin vurdering av konsekvensar

Søkjar viser til at Bergsdalsfjellene er et regionalt viktig friluftslivsområde med verdi A og at området er vist som sårbart høgfjell i fylkesdelplanen. Søkjer meiner at inngrep knytt til utbygging er marginale og lite synlege, og viser til at dei viktigaste turstiane ikkje går gjennom området med utbygging. Dei meiner utbygging vil gjere det enklare å kome seg raskt opp i fjellet, til dømes med sykkel, og viser vidare til at kraftstasjonsområdet ligg nær eksisterande kraftliner.

Tiltaket vil redusere inngrepsfri natur i sone 1 og 2, med tap av INON på 2,84 km² i sone 1 og 0,54 km² i sone 2. Søker viser til at utbygging gir akseptabelt naturinngrep sett i lys av samfunnsverdien ved tiltaket. Konsekvensen for landskap og INON som *middels negativ* (--) og *lite /middels negativ* for friluftsliv.

Fylkesmannens vurdering:

Bygging av Oddmundsdalen kraftverk og fleire andre omsøkte utbyggingsprosjekt vil føre til bortfall av inngrepsfri naturområde og fragmentere verdifulle fjellområde. Utbygginga er innfallspørt til viktige turvegar og stiar inn til fleire turlagshytter.

Utbyggjar sine vurderingar av friluftsverdiane ved utbygginga er etter år vurdering ikkje i samsvar med nasjonal politikk. Søkjar undervurderer den reelle konflikten med landskaps- og naturverdiar. Eventuell bygging av landbruksvegar i området må handsamast etter aktuelt regelverk.

Fylkesmannen viser til omtale av samla belastning på fjellområdet under omtale av Møyåni og Skarvagrovi kraftverk.

Konklusjon

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Oddmundsdalen kraftverk.

Sædalen kraftverk

I Herfindalen ligg frå før Møllen kraftverk og Ardalen kraftverk. For bygging av Sædalen kraftverk er det presentert tre alternativ, alle med inntak og demning på kote 262. I søknaden viser ein til planar om skogsveg frå Sædalen omlag 900 m inn i området. Ein vil byggje 250 m lang stikkveg frå denne og fram til inntakspunktet.

Hovudalternativ

Prosjektet vil gjeld ei elvestrekning på om lag 1.2 km. Røyrkata blir lagt parallelt med elva og blir 1100 m. Anleggsfasen blir 20 m brei og skal etter planen vere mellombels anleggsveg. Det er sidebratt terreng, og bygging vil krevje sprenging i deler av strekninga med fare for utrasing i elva.

Kraftstasjonen skal liggje ved eksisterande innmark, men ein må bygge 100 m ny veg. Det blir grave ut 6000 m³ fast masse, samla sett blir det 9000 m³ masser i prosjektet (hovudalternativ og alternativ 1). Dette skal nyttast ved kraftstasjonen. Det er planlagt minstevassføring på 23 l/s heile året, på nivå med utrekna 5-persentil. Konsekvensane er av søkjar vurdert til *liten negativ* for landskap.

Alternativ 1

Denne går kortaste veg for å unngå den bratte del av elveløpet. I staden vil ein gå rett fram over haugen og ned "Merradalen". Etter dette alternativet vil ein sprengje ned røyrkata langs 80 – 90 % av traseen og ein vil møte eit anna bratt parti på om lag 200 m ned til stasjonen. Samla sett vil 26 dekar areal bli påverka av utbygginga. Det er registrert to naturtypelokalitetar i området, begge med lokal verdi. Søkjar har sett konsekvensane til *liten negativ*.

Alternativ 2 - bora tunnel

Alternativet omfattar boring om lag 80 m nedafor inntaket, frå fossen på kote 225 og ned til kote 150. Lengda på tunellen vil bli 610 m. Ein vil då unngå dei brattaste delane av traseen. Det vil vere trong for riggplass til borerigg. Løysinga vil produsere 1500 m³ borekaks som skal nyttast ved kraftstasjonen som snuplass.

Søkjer sin vurdering av konsekvensar for alle alternativ

Utbygginga vil føre til tap av inngrepsfritt naturområde i sone 2 på 1,5 km². Søkjar meiner inngrepet knytt til røyrkata vil bli borte etter kvart, då attgroing vil skjule traseen, at traseen er lite synleg i landskapet og at dei negative påverknadene på landskapet difor vil vere liten.

Samla belastning er sett til *middels* stor, ut frå vurdering av dei mange kraftverka som er bygd og omsøkt i området Vaksdal og Boge.

Fylkesmannens vurdering.

NVE ga i 2007 konsesjonsfritak for bygging av Sædalen kraftverk med årleg produksjon på 5,8 GWh, eit prosjekt med om lag same inntakspunkt som dagens søknad. Vassvegen var om lag som alternativ 1 og dagens hovudalternativ når det gjeld øvre del, men var planlagt utan veg. Fylkesmannen viser til sine uttaler av 6. mars 2006 og 13. juni 2007 der vi råde til konsesjonshandsaming. Vi peika på arealinngrepa, trong for minstevassføring og landskaps- og opplevingskvalitetar knytt til vassdraget.

Planområdet har bratt og krevjande terreng. Etter vår vurdering vil både hovudalternativet og alternativ 1 føre til store og uheldige landskapsinngrep, med sprenging og graving. Vassdraget har gode kvalitetar, då det framstår som urørt. Det går turstiar frå gardane i Sædalen, både mot Dyrdalshaugen (trase for landbruksvegen) og på austsida av elva opp til utkikkspunktet Deilet. Etter det vi kjenner til er området mest nytta av lokale brukarar. Det er registrert to naturtypelokalitetar av lokal verdi.

Eventuell utbygging i dette området må det skje på ein måte som er mest mogleg skånsam for landskapet, jf. naturmangfaldlova § 12.

Vi vil peike på at løyve til bygging av Sædalen traktorveg (traktorveg kl. 7) gjekk ut i 2014.

Konklusjon

Fylkesmannen frarår utbygging etter hovudalternativet og alternativ 1. Utbygging i Sædalen bør skje etter alternativ 2 eller på anna skånsam måte, jf. naturmangfaldlova § 12.

Moko kraftverk

Kraftverket ligg nær Dale sentrum. Det planlagt inntaket på kote 250 med Coanda inntak, og neddemt areal vil utgjere om lag 100 m². Deretter går vatnet i borehull 630 m, og nedgrave røyrgate 145 m gjennom eit massetak fram til kraftstasjonen på kote 17. Ein vil følgje eksisterande traktorveg fram til borehull. Masser frå tunellen, blir brukt ved stasjonen, om lag 400 m³. Avløpet frå kraftstasjonen skal gå rett i Daleelva.

Det er planlagt minstevassføring på 28 l/s om sommaren og 18 l/s om vinteren, som følgjer 5-persentilen.

Søker sin vurdering av konsekvensar

Inngrepet vil føre til tap av 0,11 dekar inngrepsfri natur sone 2. Området langs traseen er bratt og utilgjengelig, og har lite ferdsel. Søker uttaler at Moko ikkje er fiskeelv, men renn ut i Daleelva som er ein viktig lakse- og sjøaurelev.

Fylkesmannen si vurdering

Søknaden om tiltaket er dårleg opplyst. Det er ikkje samsvar mellom konsekvensutgreiinga og søkt alternativ for plassering av stasjon og røyrgate. I alternativet det er søkt om, vert kraftstasjonen plassert vest for Moko flaumløp. Uni Miljø har i sin rapport vurdert eit alternativ som ikkje i sama grad er i konflikt med sjøauren.

Mokovassdraget renn ut i Daleelva og er anadrom i nedre del. Dei viktige strekka er om lag 350 m i Moko/Drivo og 150 m i Moko. Mokovassdraget er gode og produktive områder, og særleg viktig gyte- og oppvekstområde for sjøaure. Særleg Moko/Drivo har høg tettleik av ungfisk, og området er eit av dei viktigaste produksjonsområda for sjøaure i Dalevassdraget. Laks nyttar Moko/Drivo i mindre grad.

Planlagt minstevasslepp er ikkje tilstrekkeleg til at Moko/Drivo kan oppretthalde produksjonen av sjøaure. Omsøkte tiltak vil påverke bestanden av sjøaure i Dalevassdraget negativt. Situasjonen for anadrom fisk i Hordaland er kritisk. Dalevassdraget er eit av få kor det i dag er haustbare bestandar av både laks og sjøaure. Dette må leggjast til grunn for eventuell utbygging i dette vassdraget.

Konklusjon

Av omsyn til bestanden av sjøaure i Dalevassdraget, fremjar Fylkesmannen motsegn til utbygginga slik det ligg føre.

Markåni kraftverk

Vassdraga som skal nyttast i kraftanlegget renn ned i Bolstadfjorden nord for Dalseide. Nedbørsfelta ligg i fjell og skogområdet mellom Veafjorden og Bolstadfjorden. Vassdraga på halvøya er tidlegare ikkje regulert.

Det er planlagt hovudinntak på kote 325 med overføringar frå to delfelt Botnaelva (A), Dalseidmakråni (C) til Straumsåni (B). Røyrkata blir 1300 m og skal gravast ned. Søkjar vil bygge permanent veg langs røyrkata. Det blir felles kraftstasjon ved fjorden på kote 5.

Det er planlagt minstevassføring på 22 l/s fordelt på dei tre inntaka heile året.

Søkjer sin vurdering av konsekvensar

Inngrepa kjem i hovudsak i område prega av granplantingar og skogsvegar som går opp i området parallelt med elvane. Søkjar viser til at nye anleggsvegar i ettertid kan nyttast som skogsvegar.

Utbygging vil gi reduksjon i inngrepsfri naturområde på om lag 0,96 km². Søkjar omtaler utbygginga som relativt skånsam, sett på bakgrunn av dagens inngrep. Søkjer har vurdert samla konflikt og konflikt med landskap, INON og friluftsliv til *liten - middels negativ*.

Fylkesmannen si vurdering

Saka er dårleg opplyst når det gjeld inngrep, landskap og friluftssinteresser. Det er ikkje utfyllande kart som viser eksisterande vegar eller stiar. Når det gjeld etterbruk av vegar i kraftanlegget til landbruksformål må kommunen vurdere dette spørsmålet, og eventuelt gjere vedtak etter forskrift om landbruksvegar. Det er viktig for å redusere samla sum av arealinngrep i området.

Dei høgareliggjande fjellområdet og vassdraga på halvøya mellom Bolstadfjorden og Veafjorden er i dag utan inngrep. Vassdragsnaturen har gode opplevingskvalitetar knytt til små fosser og stryk, steinar og sva. Fjellområdet framstår som urørt, og har slik sett ein eigenverdi som ikkje er vektlagt av søkjar.

I dalsida ned mot Bolstadfjorden er det ein del granplantingar og fleire skogsvegar. Eksisterande vegar vert nytta i samband med lokalt friluftsliv. Det går ny, merka tursti frå Hetlevika. Utbygginga vil verke inn på landskapet ved inntakspunkta, langs røyrkatetraseane og i dalsidene ned mot fjorden.

I verdivurdering av landskap i Hordaland er Bolstadfjorden karakterisert som trong og djupskoren fjordarm av stor verdi, på line med Fykkesundet. Fylkesdelplan for småkraftverk gir retningsliner for inngrep som vil påverke fjordlandskapet. Strandsona har særlege kvalitetar, og fjorden er nasjonal laksefjord. Dette er ikkje omtalt eller konsekvensvurdert i søknaden.

Fylkesmannen vil samla sett vurdere konfliktane som høgare enn det som går fram av søknaden.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner der er av verdi å halde fjellområdet, vassdraga og fjordlandskapet mest mogleg fritt for større inngrep. Ved ei utbygging må det settast vilkår som sikrar at ein ikkje forrangar verdiane vesentleg i fjell- og fjordlandskapet.

Samandrag

Vaksdal og Voss, og spesielt Bergsdalen, er sterkt prega av tidlegare utbyggingar og inngrep. Fjellområdet mellom Bergsdalen og Kvamskogen har regionale friluftsverdiar og naturkvalitetar som etter Fylkesmannen si oppfatning må sikrast mot nye, irreversible naturinngrep. Vurdering av samla belastning tilseier at det ikkje må opnast for ny kraftutbygging i dette fjellområdet. Fordelane med tiltaka er ikkje er større enn ulempene for naturverdiane. Fylkesmannen har motsegn mot bygging av Møyåni, Skarvåni og Oddmundsdalen kraftverk.

Vi har og motsegn til Moko kraftverk av omsyn til anadrom fisk. Slik dette kraftverket er planlagt vil det gi negative verknader på sjøaurebestanden i elva.

Også Sædalen kraftverk og Markåni vil ha negative verknader på landskap og natur. Ei utbygging i desse områda må skje etter alternativ med minst moglege skjemmaende inngrep.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

| | | | |
|--|------------------------|------|-----------|
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |
| Voss kommune | Postboks 145 | 5701 | Voss |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag | Tverrit. 4/6 | 5017 | BERGEN |
| Vaksdal kommune | Konsul Jebsens gate 16 | 5722 | Dalekvam |
| Miljødirektoratet | Postboks 5672 Sluppen | 7485 | TRONDHEIM |